



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Statkraft Development AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

Vår dato: **22 MAR 2013**

Vår ref.: NVE 201300571-2 ki/baso

Arkiv: 311 / 109.5Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Ottesen

22 95 95 28

Statkraft Development AS – melding om legging av rør over Litledalselva, Sunndal kommune, Møre og Romsdal - tiltaket er ikkje konsesjonspliktig

Vi syner til melding av 13.08.2012 om legging av rør over Litledalselva. NVE skal på bakgrunn av opplysningane i meldinga avgjere om utbygginga medfører slike skader eller ulemper for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8.

Orientering om tiltaket

Ferskvatn som skal nyttast i saltkraftverket er planlagt henta frå utløpstunnelen til Aura kraftverk. Ved full drift er vassmengda her på ca. 47 m³/s. Vassforbruk i saltkraftverket vil ligge på ca. 2 m³/s. Det er planlagt å leggje eit rør langs utlaupskanalen til denne møter Litledalselva. Herifrå skal røret krysse elva og vert lagt under brua og vidare inn på industriområdet. Røret med ein diameter på 1,2 m skal gravast ned på heile strekninga. Frå før ligg det to andre rør som kryssar elva på same stad. Dette er rør som hentar saltvatn til NOFIMA sitt anlegg like ved. Røret til saltkraftverket vert lagt parallelt med desse.

NVEs vurdering

NVE skal på bakgrunn av opplysningane i meldinga avgjere om utbygginga medfører slike skader eller ulemper for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8. I NVE si vurdering av om tiltaket er konsesjonspliktig vil vi vurdere tiltaket fram til industriområdet. Arealavsett til industri/saltkraftverk kjem inn under allereie vedtekne arealplanar og vert handsama vidare etter reglane i plan- og bygningslova og energilova.

Det aktuelle området i nedre del av Litledalselva er i dag betydeleg påverka av menneskelege inngrep med industriområde, avlaupskanal frå Aura kraftverk og fylkesveg 62 med bru over elva. Vassføring i Litledalselva er sterkt redusert pga. omfattande kraftutbygging i vassdraget. Av vassdraget sitt totale nedslagsfelt på 361 km² er det uregulerte restfeltet på ca. 80 km². Det er bygd fleire tersklar på den anadrome strekninga for å betre forholda for fisk.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Uttak av ferskvatn som skal nyttast i saltkraftverket er planlagt henta frå utløpstunnelen til Aura kraftverk. Når Aura kraftverk står vil det ikkje kunne levere vatn til saltkraftverket. Vatn frå utlaupskanalen møter Litledalselva i flomålet ved vegbrua. Vassuttaket vil difor i liten grad påverke vassføringa i Litledalseva før denne vert påverka av flo og fjøre. Sjølv vassuttaket på kring 2 m³/s er også lågt med tanke normal driftsvassføring i Aura kraftverk. Ved full drift er vassføringa ca. 47 m³/s.

Sweco har utarbeidd ein rapport over korleis kryssing av Litledalselva kan gjennomførast (vedlegg 8). Røyrret som skal krysse elva vil få ein diameter på 1,2 m og vert nedgrave. For å sikre at røyrret ligg stabilt under elvebotn er det planlagt å nytte betonglodd og overdekning med sprengstein og ev. Gabioner (grov stein bunde i nett). NVE har ingen merknader til dei tekniske planane for kryssing av elva.

Av allmenne interesser knytt til området er det først og fremst fiske i nedre del av Litledalselva som kan bli påverka. Det er ikkje venta at tiltaket vil påverke andre ålmenne interesser. Det vandrar laks og sjøaure i Litledalselva, og anadrom strekning er ca. 9 km. Elva er infisert av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* sidan 1981 og Litledalselva er i dag i hovudsak eit sjøaurevassdrag. I samband med planlagt rotenonbehandling av Driva og Litledalselva er det gjort ein del undersøkingar i Litledalselva, mellom anna registrering av gytegroper. I perioden 1991-2003 vart det årleg registrert mellom 594 og 860 gytegroper i Litledalselva. Registreringa viser eit betydeleg tal gytegroper og vitnar om at Litledalselva er ei viktig produksjonselv for sjøaure til Sunndalsfjorden. Området der røyrgata skal krysse Litledalselva ligg i flomålet nedanfor dei registrerte gyteområda. Tiltaket påverkar såleis ikkje viktige gyteområde for sjøaure.

Elveeigarlaget og Sunndal Jeger og Fiskeforening administrer sal av fiskekort for området. Med tanke på allmenne interesser knytt til utøving av fiske bør tiltaket gjennomførast utanom fiskesesongen. Det vert opplyst at det er avhalde møte med elveeigarlaget, Sunndal Jeger- og Fiskeforening, Fylkesmannens miljøvernavdeling og Sunndal kommune. Det er ikkje kome innvendingar mot tiltaket med unntak av forslag om at arbeidet vert utført i perioden november til april.

Søk i Artsdatabanken sine Artskart og DN sin Naturbase (09.01.2013) viser at det ikkje er registrert viktige naturtypar eller raudlista artar knytt til tiltaksområdet i Litledalselva. Vi vurderer det som lite sannsynleg at interesser knytt til biologisk mangfald vil verte nemneverdig råka av det planlagde tiltaket.

Etter NVE si vurdering vil uttak av vatn og kryssing av elva med røyrgata slik som omsøkt, ikkje vere til større ulempe eller skade for allmenne interesser.

NVEs vedtak

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at tiltaket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Vedtaket legg til grunn at tiltaket vert gjennomført i samsvar med planane som er lagt fram. Dersom planane vert endra, må tiltaket vurderast på nytt. Iverksetting av konsesjonspliktig tiltak utan naudsynt konsesjon er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi gjer merksam på at sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, gjeld regelen i vassressurslova § 5 om aktsemd og vassressurslova § 41 om nedlegging av vassdragsanlegg.

Vidare sakshandsaming

Denne avgjerda gjeld under føresetnad av at tiltaket vert sett i gong seinast innan tre år frå dato for vedtaket, jf. vassressurslova § 19. Det kan søkast om utsetting ein gong.

NVE sin konklusjon bygger på dei opplysningane som er gjevne i meldinga. Ved endringar i planane må ein sende ny melding, slik at NVE kan vurdere konsesjonsplikta på nytt.

Vi understrekar at dette vedtaket ikkje gjev løyve til bygging. Tiltaket skal i dette tilfellet handsamast vidare etter reglane i energilova. Det visast i denne samanheng til søknad frå Statkraft Development AS om pilotanlegg for saltkraft på Sunndalsøra i brev av 13.08.2012 og NVE sitt vedtak i saken. Tiltaket må og avklarast med kommunen i høve til reglane i plan- og bygningslova og gjeldande arealplan for området. Tiltakshavar må sjølv ta kontakt med kommunen for naudsynnte avklaringar og for å få dei naudsynnte løyva.

Vidare gjer vi merksam på at tiltakshavar sjølv må avklare tilhøva til dei private interessene som tiltaket eventuelt kan gje følgjer for. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Gry Berg
seksjonssjef